



Driftstekniker (Teknisk)

Driftstekniker (Teknisk)

Universitetet i Bergen er med sine 16 400 studentar og vel 3 600 tilsette eit mellomstort europeisk universitet. Sentrale delar av campus ligg i sentrum av byen. Universitetet i Bergen er både ein lærestad og ein forskingsinstitusjon som dekkjer dei fleste fagområda, organisert i sju fakultet og rundt 40 institutt og faglege sentre. Universitetet i Bergen er òg ein del av eit globalt nettverk av studentar, forskarar og kunnskapsinstitusjonar.

Eigedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av universitetet sin bygningsmasse, som omfattar omlag 90 bygg med i alt 377.000 m², inkl. leige av 73.000 m². Avdelinga har ca. 100 tilsette og forvaltar eit driftsbudsjett på ca. 400 mill. og eit investeringsbudsjett på ca. 115 mill. Avdelinga er organisert i tre einingar - Prosjekt, Drift og Fagstøtte og Stab. Bygningsmassen er hovudsakleg lokalisert til Nygårdshøyden og Årstadvollen/Haukeland og varierer frå verneverdige bygningar og kontorerte byggar til moderne undervisningsbygg og avanserte laboratoriebygg.

Drift har det daglege ansvaret for FDVU av bygg, tekniske installasjonar og utomhusareal. Den samla bygningsmassen er inndelt i 4 driftsområde - tre er lokalisert på Nygårdshøyden og eit er lokalisert på Årstad/Haukelandsområdet. Driftsområda vert leia av ein eigedomsforvaltar som rapporterer til Seksjonssjef Drift. Ved kvart driftsområde er det vedlikehaldsleiar og driftsleiar som rapporterer til Eigedomsforvaltar. Driftsområda har dessutan driftsteknikarar (fagbrev) og driftsoperatørar som arbeider på dagtid.

Driftsteknikar (med fagbrev, teknisk)

Er du ryddig, strukturert og initiativrik med interesse for tekniske anlegg i freds bygg? Då er du kanskje driftsteknikaren vi ser etter. Du må handtere mange oppgåver samtidig og i samsvar med våre verdiar som er: «Samhandling, respekt, redelighet og åpenhet».

Ved Eigedomsavdelinga, Drift, er det ledig fast 100 % stilling som driftsteknikar. Stillinga er i dag plassert i driftsområde 2. Dette driftsområdet har mellom anna ansvaret for Studentsenteret, administrasjonsbygningar, Griegakademiet og Det psykologisk fakultet. Mange av bygga er freds og ein må ta omsyn til dei rammene som gjeld for freds bygg.

Stillinga byr på varierte arbeidsoppgåver og krev derfor at du har kunnskap innanfor fleire felt. Vi ser etter personar som har erfaring frå drift og vedlikehald av bygg og tekniske anlegg. Dei tekniske anlegga er komplekse og har eit stort omfang. Det er strenge krav til inneklima som skal tilpassast opplæringsareal, publikumsareal, spesialverkstader, forsamlingsareal, kafedrift, basseng mm.

Erfaring frå større tekniske anlegg med kjølemaskiner, ventilasjon, sentral driftskontroll m.v. vil bli særskilt lagt vekt på. I tillegg er det ønskeleg med spisskompetanse på tekniske anlegg, fortrinnsvis innanfor ventilasjon/klimatisering

Du må ha gode IT-kunnskapar og generelt vere analytisk. Stillinga rapporterer til drifts- og vedlikehaldsleiar.

Arbeidsoppgåver:

- Dagleg drift og vedlikehald av bygg og tekniske installasjonar

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Relevant fagarbeidarutdanning (fagbrev), fortrinnsvis innan faga ventilasjon, rør, kjøling, elektro. Lang, relevant praksis kombinert med relevant etter- og vidareutdanning kan i særskilte høve kompensere for manglande formell utdanning.
- Relevant erfaring frå drift og vedlikehald av bygg og tekniske anlegg. Erfaring frå større tekniske anlegg med varmpumper, kjølemaskiner, klimatiserte rom, sentral driftskontroll ol. vil verte lagt særskilt vekt på.
- Bruk av IT-verktøy er sentralt i arbeidskvardagen og dette er noko du må kunne godt.
- Gode norskkunnskapar skriftleg og munnleg.

Vi ser det som ein føremon at søkjar har:

- Erfaring med brannalarm-anlegg, adgangskontroll m.m.
- God fleirfagleg innsikt
- Erfaring frå overtaking, oppstart og prøvedrift av nye bygg
- Erfaring frå sikkerhet og beredskap
- Erfaring frå ROS

Personlege eigenskapar:

- Godt humør og stå-på-vilje
- Evne til å arbeida effektivt, nøyaktig og ryddig
- Vere flink til å handtere fleire utfordringar samtidig
- Initiativrik med interesse for utvikling og endring
- Serviceinnstilt
- Kvalitetsbevisst
- Resultatorientert

- Vere løysings- og samarbeidsorientert, men samtidig kunne arbeide planmessig og sjølvstendig
- Bidra til eit godt arbeidsmiljø og samarbeidsklima

Vi tilbyr:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø med varierte og utfordrande arbeidsoppgåver
- Inspirerande, inkluderande og triveleg arbeidsmiljø
- Løn etter stillingskode som driftsteknikar (kode 1136) med løn frå kr 409.100 - 488.500 (ltr.45-56) etter kvalifikasjonar og bakgrunn. For særleg kvalifiserte søkjarar kan vi vurdere høgare løn
- Opplæring og anledning til vidareutdanning og utvikling
- Velferdsordningar som bedriftsidrettslag, bedriftshytter, kulturarrangement og bedriftsbarnehage
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse med god pensjons- og forsikringsordning
- Bustadlån til gunstige vilkår i Statens Pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Eigeomsforvaltar: Tone Wold, tlf 950 46 018 Seksjonssjef Drift: Jan-Terje Nygaard, mob 915 64 650

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Sentraladministrasjonen gjev råd og bistand til leiing og fakultet ved Universitetet i Bergen. Sentraladministrasjonen er organisert i sju avdelinger. Les meir om eiendomsavdelinga [her](#).

Jobbnorge-ID: 173936, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut